



Bjørn Atle Kolås
Kolåsvegen 167
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/238 - 23/3103

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
12.01.2023

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 107/8 Kolås

Administrativt vedtak: Saknr: 048/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Bjørn Atle Kolås dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 17.01.2028 for gbnr 107/8 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket **Bjørn Atle Kolås** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 107/8. Dagens driftsomsfang er **15 vinterfora sauer**. Driftsformen er utgangardrift. Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra beite på innmark. Foretaket brukar svært lite kunstgjødsel (325 kg) type 18-3-15. Søkjer eig 35 daa innmarksbeite, 7,6 daa overflatedyrka og daa 8,7 fulldyrka mark.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå foretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for foretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling. Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/238 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Atle Kolås

Kolåsvegen 167

5955 LINDÅS